

+ KYRKJEHLSING

KYRKJELYDSBLAD FOR ØSTERØY



NR. 4 HAUST 2012
37. ÅRGANG

**OSTERØY
PRESTEGJELD
TILSETTE/RÅD
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

Helge Kolstad	56 19 22 80
Tom Sverre Tomren	56 19 22 82
Inge Sørheim	56 19 22 83
Linda Rea Herland	56 19 22 84
Trent Bruner	56 19 22 85
Ruth Hauge	56 19 22 86

Prestane:

Sokneprest Tom Sverre Tomren
Tlf: 45 63 68 93

Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

Kyrkjemusikk:

Organist Linda Rea Herland 980 58 770
Organist Trent Bruner 56 19 22 85

Kyrkleieg fellesråd:

Leiar: Roger Breivik - 913 82 424
Nestleiar: Jenny Eikeland
Margrethe R. Ådland, Otto Mo, Jan Roald Myking,
Wenche Fiskeseth, Inge Sørheim.

Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Roger Breivik
Hosanger: Jan Roald Myking
Hamre: Merethe Mjelstad
Haus: Madli Hannisdal
Bruvik: Wenche Fiskeseth

Kyrkjehelsing redaksjonsnemd:

Redaktør: Kristoffer Foldøy
Tlf: 56 39 45 42 - 476 18 124
E-mail: kristofferfo@gmail.com

Hild Breivik
Anne-Mari Hannisdal Haga

Layout: Oda Karoline Foldøy



Så er september på besøk hjå oss att. Men sommarlyset må vi prøva å bera med oss vidare, no når dagane krympar og nettene blir mørke igjen.

Miskunnsame menneske har eksistert til alle tider. Så langt tilbake som vi har historier om folk, har vi også forteljingar om gode menneske som gjerne med fare for eige liv og rykte har hjelpt andre. I Lukas-evangeliet finn vi historia om den miskunnsame samaritanen. Jesus nyttar forteljinga som eit døme på korleis ein skal oppføra seg mot nesten vår. Ein skal hjelpa der det er naud, og ikkje hasta forbi.

Biletet på framsida er ein illustrasjon til denne forteljinga. Det er måla av Vincent van Gogh i mai 1890, to månader før han døydde berre 37 år gammal. Han var på dette tidspunkt pasient på eit sinnsjukehus, fattig, og sjølv ein hjelpetrengjande. Som kunstnar må han ha kjend seg misslukka. Av dei 2000 arbeida han hadde laga hadde han berre selt eit einaste. Det var først ei tid etter han var gått bort at måleria og den særmerkte stilens hans vekte interesse. No er måleria hans verdskjende og svært mange av arbeida hans er samla på eit eige van Gogh – museum i Amsterdam.

Motivet har nederlendaren van Gogh lånt av ein fransk målar, Delacroix, som førti år tidlegare laga eit liknande bilet. Men alt er gjort i typisk van Gogh – stil. Det samtidia misslikte tykkjer vi i vår tid er svært fasinerande: Streken, fargebruken, dei svingande kraftfulle pennestrøka som lagar bølger i naturen rundt hovudmotivet.

Historia om den miskunnsame samaritanen treff oss, det er ei tidlaus forteljing. Vi skal ikkje la ein skamslegen stakkar liggje att i veggrøfta, anten han er rana, trafikkskadd eller kva det no måtte vera som har hendt han. Jesus legg også til eit anna moment i forteljinga. Dei som hastar forbi utan å stoppa er nemleg besteborgarar, ein prest og ein levitt. Han som stoppar opp og hjelper er ein samaritan, som tykkjer hjarteleg synd i denne mannen som er slegen ned av røvarar, fråstolen alt, avkledd og hardt skada. Jødane såg på samaritanane som ureine, eit dårlig folkeslag. Når Jesus i følgje Lukas fortel denne historia til ein lovkunnig, ligg det ein ekstra brodd i dette også. I van Gogh sitt bilet ser vi dei to som hastar forbi utan å stoppa i venstre biletkant. Vi ser den avkledde stakkaren som samaritanen hjelper opp på hesten. I Bibelforteljinga har samaritanen med seg eit esel, som var eit ridedyr av lågare rang enn ein hest. Jesus nyttar også eit esel då han rei inn i Jerusalem. Det var ikkje eit tilfelde valg. Hestar var for dei rike, for kongar og keisarar. Esel var for vanlege folk.

Ei tom reisekiste skal visa at røvarane har teke sitt. Offeret har fått ein bandasje om panna. Sæle er dei miskunnsame, dei skal få miskunn, sa Jesus i Bergpreika.

- Kristoffer Foldøy

Kyrie eleison

Andakt v/ Inge Sørheim

Tidleg i kvar einaste gudsteneste kjem eit bønerop:

Kyrie eleison, Gud Fader miskunna oss.

Kriste eleison, Herre Krist miskunna oss.

Kyrie eleison, Heilag Ande miskunna oss.

Slik startar gudstenesta, med syndsvedkjenning og bønerop: vi ber vår treeinige Gud om at han skal visa miskunn mot oss.

Vi treng dette ropet, fordi vi treng å bli minna om at Gud faktisk viser miskunn. At det er tilgjeving for alle som roper til Gud. I ei verd der vi kan oppleve svik, løftebrot og mangel på miskunn, kan vi sjå mot ein himmel som gjev løfte om håp. Slik Gud viser miskunn mot alle som søker han, slik ønskjer han at vi skal vise miskunn mot kvarandre.


På framsida av dette nummeret av Kyrkjhelsing kan de sjå Jesu fortejling om kva det vil seie å vise miskunn. Samaritanen er i ferd med å hjelpe ein mann som vart rana og slått av røvarar. Samaritanar var blant jødane på Jesu tid sosialt og religiøst utstøtte. Ingen jøde ville tenke at dei ville vise miskunn, eller at dei ville vise seg som betre menneske enn jødane.

Men i Jesu forteljing er det berre samaritanen som viser miskunn. Ikkje jødane: presten og levitten. Dei gjekk rett forbi. Men samaritanen stoppa på vegen til Jeriko for å hjelpe eit menneske han ikkje kjente. Han gav bort utstyr og pengar utan å tenke på korleis han skulle få noko tilbake. Han gjorde det utan å tenke på seg sjølv. Ikkje ville handlinga føre til betre sosial eller religiøs status heller. Han gjorde det av rein miskunn.

Jesus fortalte denne historia til ein lovkunnig for å minne oss om at det er oss sjølve som vi må sjå til først, når det gjeld miskunn. Går vi forbi, når vi eigentleg skulle ha vore til hjelp? Er vi meir opptekne av våre eigne posisjonar og vår eigen travle tid, enn å hjelpe våre medmenneske? Har vi gløymt kven som er våre medmenneske? Vi må nok erkjenne at vi i mange situasjoner kunne ha gjort ting annleis.

Bøneropet i starten av gudstenesta minner oss om dette, men likevel går bøneropet i gudstenesta rett over i lovsong: Ære vere Gud i det høgste. For gleda over Guds miskunn gjev oss grunn til lovsong, slik det står skrive i Paulus' andre brev til korintarane i kapittel 1, vers 2:

Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far som er rik på miskunn, vår Gud som gjev all trøyst.



SUDAN: FREDSLANDSBY UNDER OPPARBEIDING



Nokre av oss tenkjer frå tid til annan på at ein burde engasjert seg i eit solidaritetsarbeid utanlands. For dei fleste vert det med tanken. Men så er det ein og annan som gjer alvor av det og reiser ut. Åge Clausen fra Valestrand har vore i Afrika før, og kjenner utfordringane ein kan møta der. No dreg han ut att på eit frivillig oppdrag.

Tekst: Kristoffer Foldøy

Holy Trinity Peace Village er resultatet av ein draum biskop Paride Taban, no 75 år, hadde då han under borgarkrigen sat fengsla i Sudan. I denne landsbyen han drøymde om, ville han skapa fred gjennom utvikling. Då han gjekk av som biskop i 2004, starta han arbeidet med å realisera draumen sin.

- Eg vart kjend med Paride då me var i Sudan på åttitalet, fortel Åge Clausen. Sidan har me halde kontakten. Han har vore her fleire gonger, og kona mi Britt og eg var der for to år sidan. Han var ei særskilt god støtte for Kirkens nødhjelp den gongen vi var i Sudan. Og no er det vår tur å gje litt attende.

Området biskopen nytta seg av ligg langt sør-aust i Sudan, ved Kuron elva. Her var ingen organisasjonar inne med støtte frå før. Kommunikasjon og vegnett var dårlig, dersom det regnar vert vegane mest uframkommelege. Folket var nomadar som levde av dyra sine. Stammane låg ofte i konflikt med kvarandre, og det gav status å stela kveg eller endå ta livet av folk frå nabostammane. Kveg var betalingsmiddel, ein nytta det mellom anna som medgift ved ekteskap.



Skule i Kuron.



Biskop Paride og bak han dei norske hjelparane. Frå venstre Åge Clausen, Osterøy, Per Nordmark, Vaksdal, Erling Sævereide, Fosnavåg og Svein Rødseth, Ulsteinvik.

I fredslandsbyen skal grunnlaget for desse konfliktane fjernast. Ved å få folket til å dyrka korn og grønnsaker kan kosthaldet bli meir variert, og kveget få mindre betydning. Gjennom skulegang der ulike stammar går i lag og bur saman på internat vil folket få større innsikt og læra seg å arbeida saman mot nye mål i livet. Stammemotsetjingar vil reduserast, sport og idrett kan erstatta tradisjonelle brutale manndomsprøvar. Målet er å auka livskvaliteten gjennom forkynning, åndeleg omsorg og fokus på menneskeverdet.

- Mitt bidrag vil i stor grad bestå i å støtta det teamet som leier fredslandsbyen, seier Åge Clausen. Eg skal mellom anna rapportera til dei som gjev midlar til landsbyen korleis gåvene blir brukta. Finansieringa av landsbyen er gjort ved ulike former for prosjektstøtte, gåver og innsamla midlar frå fleire land. I Norge er Strømmestiftelsen ein viktig bidragsytar. Dessutan finns det ein organisasjon som heiter Norwegian Friends of Kuron!

Fredslandsbyen er no eit lite senter med kontor, bustad for dei 35 tilsette, gjestehus, skulebygg, internat for elevane og eit lite kapell. Så er der ein gard der dei lokale kan læra jordbruk, og eit idrettsareal. Holy Trinity Peace Village blei i mars 2012 oppretta som ein eigen organisasjon, slik at

ikkje alt var avhengig av biskop Paride Taban. Ei direktørstilling er også etablert, og Åge Clausen skal overta denne frå september.

- Eg skal vera der i vel tre månader no, og så nokre veker i januar, seier han. Det er 4-5 av oss som skal veksla på denne stillinga, som alle har erfaring frå tilsvarande arbeid, og samstundes har rimeleg god kjennskap til fredslandsbyen.

Informasjon om fredslandsbyen finn ein på nettsida www.kuronvillage.net

Norwegian Friends of Peace Village Kuron som Åge er medlem i, samlar også inn pengar til arbeidet på kontonummer 1503.17.70014



JUBILEUM FOR LINDEMAN



Ludvig Mathias Lindeman har laga melodien som vert nytta til 64 av salmane som står i Norsk salmebok. Den 28. november i år er det 200 år sidan han vart fødd.

Tekst: Kristoffer Foldøy

Ingen komponist har så mange melodiar med i salmeboka som han. Sidan nokre av tonane vert nytta på fleire salmar, er talet på melodiar han har med 39. Det mest banebrytande arbeidet hans sett frå kyrkjeleg ståstad er samarbeidet med Landstad og utgjevinga av ei koraralbok som kunne nyttast saman med Landstad si salmebok.

Lindeman var fødd i Trondheim, der far hans var organist i Vår Frue kirke. Han var den sjuande i ein søskensflokk på ti. Tidleg la ein merke til dei spesielle evnene hans, og han fekk ei solid utdanning. Han reiste til Kristiania for å ta eksamen artium i 1833, og

studerte etterpå både teologi og musikk. Han var ein svært dyktig musikar. I Kristiania teater sitt orkester spela han cello, og i heile 47 år var han tilsett som organist og kantor ved Vår Frelsers kirke i Oslo, altså Oslo domkyrkje. Då det store nye orgelet skulle innviast i Royal Albert Hall, London, i 1871, var Lindeman invitert til å spela. Saman med han var kjende europeiske organistar som Anton Bruckner og Camile Saint-Saens. Han var i London ei veke, og framførte kvar dag ein time med orgel-improvisasjonar. Det var så populært at han måtte halda to ekstrakonsertar også før han fekk reisa heim att.

Så tidleg som i 1836 hadde Lindeman komponert eit variasjonsverk for orgel, og i 1841 utgav han ei samling folkemelodiar for piano, "Norske Fjeld-Melodier". Då han var cellist i Kristiania teater, laga han musikk til Henrik Wergeland sitt stykke "Campbellerne".

Kring 1850 og også ved seinare høve reiste han rundt i landet og samla folkemelodiar som han skreiv ned og gav ut. Det var både salmetonar og folkeviser. I alt samla han om lag 3000 melodiar og tekstar.

Komponering av salmetonar skaut verkeleg fart då han skulle skriva ei koralbok til Landstad si salmebok. Det var mange salmar den gongen som hadde vanskelege og tunge tonar, og her laga Lindeman nye og tilrettela nokre av dei gamle i eit lettare tempo. Dette tykte rett nok ikkje alle noko om, enkelte ville heller finna attende til dei gamle tonane frå reformasjonstida. Målet for Lindeman var å ha noko felles som var greit å syngja. Salmesongen stod det ganske skralt til med mange stader, og få kyrkjer hadde orgel.

Det vert Lindeman - konsert på 200-årsdagen hans onsdag 28.11. klokka 19.00 i Gjerstad kyrkje.



No livnar det i lundar

T: Elias Blix, 1875
M: Ludvig M. Lindeman, 1875

E♭ B♭/D Cm⁷ F⁷ B♭ E♭/G

No liv - nar det i lun - dar, no lau - vast det i li, den

Fm⁷ F/A E♭/B♭ B♭/A♭ E♭/G Fm⁷ B♭/G E♭

hei - le skap - ning stun - dar no fram til su - mars tid.

"Melodier til Landstads Salmebog" var i bruk heilt til boka blei avløyst av "Koralbok for Den norske kirke" på 1920-talet.

Lindeman komponerte mykje annan musikk også, mellom anna det som blei brukt under kroninga av Oskar 2. og dronning Sofie i Trondheim, og musikken som vart nytta i samband med sørgestunda etter Grundtvig sin død i 1873.

I 1870 blei Lindemann utnemnd til riddar av St. Olavs orden, og i 1883 var han med å grunnleggja det som sidan skulle bli Musikkonservatoriet.

Mellom dei mest kjende salmane han har kompert tonane til, finn vi "No livnar det i lundar", "Kyrkja ho er eit gamalt hus", "Eit barn er født i Betlehem" og "Påskemorgen slukker sorgen".

Ludvig Mathias Lindeman gifta seg i 1848 med Aminda Magnhilde Brynie. Han døyde i mai 1887, og fekk gravstad ved kyrkja der han hadde vore organist i så mange år. I 1906 vart det reist eit minnesmerke etter han ved kyrkja.

Og den store konsertsalen ved Noregs musikkhøgskule, som han la grunnlaget for gjennom Musikkonservatoriet, har fått namnet "Lindemansalen".

MISJON OG MILJØ

Soknerådsmedlemmane og prestane i Osterøy skal møtast no i september for å snakka saman om grøne kyrkjelydar, om forbruk, miljø og rettferd. Dette var også eit tema under det nasjonale kyrkjemøtet tidlegare i år.

Tekst: Kristoffer Foldøy

Kyrkjemøtet 2012 går nye vegar i si misjonsforståing. No skal kyrkja bli flinkare til å sjå samanhengar mellom heilskapleg misjon og miljøvern.

Soknepresten i Levanger, Kjartan Bergslid som var saksordførar for komiteen som handsama denne saka, seier til "Kirkeaktuelt.no" at det er ganske mykje nytt innafor misjonstenkjinga. Saka som var oppe bar tittelen "Misjon til forandring – Utfordringane frå Edinburgh 2010". Dei kallar det eit paradigmeskifte i kristen misjon. Ein ser at den kristne kyrkja har mykje større aktivitet enn før i det globale sør og aust, medan kristne frå andre delar av verda kjem flyttande til oss her i vest. På kyrkjemøtet meinte ein at det no er mykje lettare å sjå korleis evangelisering og diakoni heng saman i misjonsoppdraget, og korleis misjon vedkjem alle sider ved kyrkjelydslivet.

"Når kyrkja no signaliserer at vi er brennande opptekne av den største utfordringa i tida, klimasaka, vil det opna for at vi også kan spreia evangeliet," seier Bergslid som tykkjer det er viktig at den nye misjonstenkjinga vert formidla ut til kyrkjelydane.

"Eg opplever i min kvardag som prest at det er ganske mange fordommar til misjon i dei vanlege sokneråda," fortset Bergslid. "Dette er basert på gårdsdagens misjonsoppfatning".

Soknepresten i Levanger arbeider sjølv for at misjonen skal ha ein integrert plass i kyrkjelydslivet. Konfirmantane vert gjort bevisste gjennom innsamlingsprosjekt, og han seier at mange av våre nye landsmenn finn plass i dei etablerte kyrkjelydane og gjer ein viktig innsats der. Dette gjev kyrkjelydane nye utfordringar og perspektiv, meiner Bergslid.

Kyrkjemøtet utforda også alle kyrkjelydar til å vera "grøne kyrkjelydar", og peika på samanhengen mellom misjon, respekt for menneskerettane og vern om skaparverket. Grøne kyrkjelydar skal arbeida for at eit globalt miljø og rettferdsengasjement fører til konkrete tiltak i kyrkjelyden og lokalsamfunnet.

På www.gronnkirke.no kan ein lesa meir om dette.



SUNDAG FOR DEI FORFØLGDE

KROSSBØN

*Jesus Kristus, du som vart krossfest,
bind saman ditt folk i heile verda.
Vern dei som blir forfølgde,
og ver hos dei som lid.*

*Du som er forsvarar for dei rettslause
og høyrer ropet frå dei forfølgde:*

*Gi oss vilje og visdom til å hjelpe,
og gjer oss trufaste i bøna.
Hald di kyrkje oppe med krafta frå krossen
og styrk oss alle i den trua som sigrar.*

Amen.

(Omsett til nynorsk av Norunn Stendal Aksnes)

Forfølginga av kristne aukar i verda. Kvart år lagar organisasjonen Opne Dører ei liste over dei 50 landa i verda der trua kostar mest og forfølginga av kristne er mest omfatande. På lista for 2012 er det Nord-Korea som toppar lista slik det har vore i fleire år no. Blant dei 50 landa er 38 muslimske, men samstundes har aldri så mange muslimar konvertert til kristen tru som i vårt tiår. Forfølginga har auka i heile 35 av landa. Som døme kan me nemna at Iran gjekk ned frå andre plass på lista i fjor til femteplass i år – ikkje fordi tilhøva har vorte betre der, men fordi det har vorte verre i Afghanistan, Saudi-Arabia og Somalia som rykte opp på lista.

Eit problem i særklasse er blasfemilovene i bl.a. Pakistan. Nyleg vart ei 11 år gammal jente med Downs syndrom fengsla fordi ho skal ha halde på ein pose med brente sider med islamisk tekst frå Koranen. Dersom ho vert dømt for blasfemi, risikerer ho fengsling på livstid eller dødsstraff opplyser seniorrådgjevar Ed Brown i Stefanusalliansen til avisas Dagen. 150 siste muslimar held i august demonstrasjon og krov at ho skulle straffast, og dei truga dei kristne familiene i området med å brenna ned husa deira. Mange rømde frå heimane sine. Så langt Ed Brown kjennen til, har ingen enno vorte henretta av styremaktene etter dom for blasfemi, men mange har vorte drepne av mobb i fengsla, på veg til og frå rettsalen eller etter eventuell frigjeving.

Stefanusalliansen, som tidlegare heitte Norsk misjon i øst, skipar

kvart år til "Sundag for dei forfølgde". I år skal det vera den 11. november. Markeringa av dagen vert gjort også i fleire andre land. Stefanusalliansen, der bl. a. biskop Halvor Nordhaug er med i leiane organ, har valt å ta opp situasjonen for dei kristne i Egypt under markeringa i år. Egypt kom på 15. plass på Opne Dører si liste, men dei kristne koptarane, som hører til urfolket i Egypt, opplever omfatande diskriminering og forfølging, ofte med kidnapping, voldtekts og drap. Og i rettsaker mot muslimar har dei vanskeleg for å vinna fram. Det hender at styremaktene grip inn til fordel for kristne som då justisdepartementet nyleg nekta å godta ein sterkt diskriminerande dom av ein domstol innan tryggingstenesta. Men då hadde først mange butikkar og heimar til kristne vorte sett fyr på etter ein krangel mellom muslimar og kristne.

I Egypt støttar Stefanusalliansen bl.a. Maggi Gobran, eller Mamma Maggi som ho gjerne vert kalla, sitt enorme arbeid blant dei over hundretusen koptiske kristne på "Søppelfjellet" i Kairo. Dette er eit område der turistbussar som "forviller" seg dit for å sjå korleis folk lever, kører gjennom med attletne vindauge for å unngå stanken. Folk som bur der, hører til dei fattigaste av dei fattige i Egypt, og dei lever stort sett på og av søppel. Blant desse "Stefanusborna" driv ho og dei mange medarbeidarane hennar barnehagar, går på heimebesøk, ber med folk, deler ut mat, undersøkjer trøngen for lækjarhjelp, hjelper til med utdanning og driv leirarbeid for borna der dei bl. a. får dusja og eta seg mette. Det er trong for all mogleg hjelp til dei mest elementære behova åndeleg, materielt og sosialt. Maggi Gobran, som var ei velståande kristen kvinne i Egypt, vart så gripen av den nauda ho såg i "Søppelbyen", at ho ofrar seg heilt for å verkeleggjera Jesu bod om nestekjærleik blant folka der. Ho stiller to krav til medarbeidarane sine: Dei må gje seg heilt til arbeidet for dei fattige borna, og dei må lesa eitt kapittel i Bibelen kvar dag.

Borna til dei kristne koptarane på "Søppelfjellet" i Kairo er sanneleg blant Jesu minste små. Dei treng vår hjelp.

- Øyvind Vevle.

*Vil du gje ei gáve til arbeidet, er kontonr. 3000 14 57922
Merk giroen "Mamma Maggi".*



"Mamma Maggi" med nokre av "Stefanusborna".

NYE FOLK PÅ ORGELKRAKKEN

Dei to organistane vi er vande med å høyra ved gudstenester i Osterøy-kyrkjene, har teke permisjon samstundes. Så ei tid framover vert det Linda Rea Herland og Trent Bruner som skal akkompagnera salmesong og syta for orgelmusikken i kyrkjene våre. Her er ein liten presentasjon av organist-vikarane.

Tekst: Kristoffer Foldøy

Då Liv Skoglund og Kåre Rivenes søkte permisjon, var det heldigvis lokale krefter som stod klare til å ta over. Sjølv om begge vikarane kjem langvegs frå og har engelsk som sitt morsmål, har dei så pass tilknytning til Osterøy at dei nærmast er for ostringar å rekna.

Linda, som kjem frå Irland, skal vera vikar for Liv eit års tid. Ho har budd på Osterøy sidan 2009. Hovudinstrumentet hennar er violin. Musikkutdanninga har ho frå London Royal Academy of Music. Ho har mellom anna vore fiolin-vikar i Harmonien, og hatt ulike freelansoppdrag både her til lands og i utlandet. No er ho tilsett i Osterøy kulturskule, og har erfaring som organist også frå heimlandet.




Linda med fiolin sin. Her saman med pianist Siren Therese Wathle. (Foto: Jan P. Holst)

Trent kjem frå Canada. Han skal vikariera for Kåre fram til nyttår. På Osterøy har han budd sidan 2004 og har ei solid musikkutdanning bak seg, bachelorgrad i musikk-pedagogikk frå Canada og mastergrad i etnomusikk og musikk vitenskap frå universitetet i Bergen. Trent er også lærarutdanna. Han spelar ei rekke instrument i tillegg til piano, og har undervist, komponert, arrangert og produsert musikk og dirigert kor.

Begge to gjev uttrykk for dei gler seg til arbeidet, og til å samarbeide med både med born og vaksne. Trent har allereie starta opp eit barnekor, og Linda vil gjerne inkludera små og store i ulike formidlingsuttrykk som musikk, song, dans og drama.

”Musikk,” seier Trent, ”er ein viktig del av gudstilbedinga i kyrkjene. Med ulike instrument og songstemma vår kan vi gje våre bidrag, støtte, oppmunstre og byggje opp trua”.



Trent Bruner. (Foto: Lois Seigel)

KONSERT MED SOLVEIG LEITHAUG

Laurdag 15. september 2012, kl 19.30



HAUS KYRKJE, OSTERØY

Vaksen: Kr 150,- Born og pensjonistar: Kr 100,-

Arrangør: Haus sokneråd www.osteroy.kyrkja.no

Velkommen

Solveig Leithaug er 45 år, opphaveleg frå Frekhaug, men bur no i Nashville, Tennessee. Ho har allereie ei lang karriere bak seg som songar, komponist og musikar på heiltid. Solveig har gjeve ut 16 plater, og har turnert i rekkje land og på fleire kontinent. På platene finn vi eigenkomponert song og musikk i moderne tonedrakt og uttrykk, men Solveig har også tradisjonelle salmar og songar på repetoaret.

I 2006 gav ho ut plata "Fagert er landet" der ho tolkar fedrelandssongar og kjende, åndelege salmar og viser.

Dei som møter opp i Haus kyrkje vil møta ein verdensartist med stor spennvidde.



DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy

SEPTEMBER

2. september 2012, 14. sundag i treeiningstida

Hamre kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim.
50-årskonfirmantjubileum. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Haus kl 19: Gudsteneste. Dåp. Tomren.
Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til KRIK - Kristen idrettskontakt. Kyrkjekaffi.

Bruvik kl 11: Gudsteneste. Tomren. 50-årskonfirmantjubileum.

9. september 2012, 15. sundag i treeiningstida

Hosanger kl 11: Gudsteneste. Dåp. Sørheim.
50-årskonfirmantjubileum. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Gjerstad kl 19: Gudsteneste. Tomren.
Konfirmantpresentasjon. Soknemøte.
Takkoffer til Sjelesorgsenteret Haraldsplass.
Kyrkjevandring før gudstenesta.

16. september 2012, 16. sundag i treeiningstida

Haus kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Tomren.
50-årskonfirmantjubileum. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

23. september 2012, 17. sundag i treeiningstida

Gjerstad kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Tomren.
50-årskonfirmantjubileum. Takkoffer til Sjømannskyrkja.

Hamre kl 16: Gudsteneste. Dåp. Sørheim.
Utdeling av bok til 4-åringane. Soknemøte.
Takkoffer til IKO - Kirkelig pedagogisk senter.
Kyrkjevandring før gudstenesta.

Bruvik kl 17: Gudsteneste. Dåp. Hausttakkefest. Tomren.
30. september 2012, 18. sundag i treeiningstida

Hosanger kl 11: Familiegudsteneste. Dåp. Nattverd. Sørheim.
Utdeling av bok til 4-åringane. Soknemøte.
Takkoffer til IKO - Kirkelig pedagogisk senter.

OKTOBER

Sundag 7. oktober 2012, 19. sundag i treeiningstida

Hamre kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim.
Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til KRIK - Kristen idrettskontakt.

Sundag 14. oktober 2012, 20. sundag i treeiningstida

Gjerstad kl 11: Familiegudsteneste. Tomren. Hausttakkefest.
Utdeling av bok til 4-åringane. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Sundag 21. oktober 2012, 21. sundag i treeiningstida

Haus kl 11: Gudsteneste. Dåp. Utdeling av bok 4-åringane.
Hausttakkefest. Takkoffer til Sjelesorgsenteret Haraldsplass. Kyrkjekaffi.

Hosanger kl 11 :Høgmesse. Nattverd. Sørheim.
Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Bruvik kl 17: Familiegudsteneste. Tomren. Utdeling av bok til 4-åringane.

Sundag 28. oktober 2012, Bots- og bededag

Gjerstad kl 11: Gudsteneste. Tomren. Takkoffer til Nordhordland Indremisjon/Bibelskulen Bildøy.

Hosanger kl 16: Minnegudsteneste. Sørheim.

Hamre kl 18: Minnegudsteneste. Sørheim.

NOVEMBER

Laurdag 3. november 2012

Gjerstad kl 17: Minnegudsteneste.

Sundag 4. november 2012, Helgemessesundag

Hamre kl 11: Høgmesse. 1 Dåpsbarn. Sørheim.
Direktesending på NRK-TV. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Haus kl 17: Minnegudsteneste. Tomren.

Sundag 11. november 2012, 24 sundag i treeiningstida

Hosanger kl 11: Høgmesse. Sørheim.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Sundag 18. november 2012, 25. sundag i treeiningstida

Gjerstad kl 11: Gudsteneste. Tomren.
Presentasjon av eitt-åringane fra Hald og Bildøy.
Takkoffer til Hald internasjonale senter.

Sundag 25. november 2012, Siste sundag i kyrkjeåret

Hamre kl 11: Høgmesse. Sørheim.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Haus kl 11: Høgmesse. Tomren. Takkoffer til Hald internasjonale senter. Kyrkjekaffi.

DESEMBER

2. desember 2012, 1. sundag i adventstida:

Gjerstad kl 11: Gudsteneste. Tomren. Markering av ny liturgisk ordning. Takkoffer til Misjonshøgskulen.

Hosanger kl 11: Gudsteneste. Sørheim. Takkoffer til Osterøy søndagsskulelag.

9. desember 2012, 2. sundag i adventstida:

Haus kl.11: Høgmesse. Tomren. Takkoffer til Lovsongsheimen i Bangkok. Kyrkjekaffi.

Bruvik kl.17: Familiegudsteneste. Lysmesse. Tomren.

Hamre kl. 17: Lysmesse. Sørheim.

Hosanger kl 20: Lysmesse. Sørheim.

Kyrkjevandring sundag 23. sept.

På gamal sti til Hamre

Familiegudsteneste kl 16.00

Kyrkjekaffi ca. kl 15.30

Denne sundagen kan gamal som ung ta vandringsstaven fatt og oppleva korleis det var å ta seg fram frå Valestrand til Hamre kyrkje for nokre hundre år sidan. Vegvisaren tek då den øvre vegen, bl. a. over Eikelandsfjellet. Vakker utsikt, hyggeleg følgje og god trim er gratis!

På Hamre vert me gjort stas på med servering av kyrkjekaffi før me kan delta på

(Foto: Helge Aspvik)

Laurdag 22. september 2012

Hosanger kyrkje kl 19: Song, dans og drama.

Olsvik TenSing med humor, latter leik og mykje moro.

Tilskipar Hosanger sokneråd.

Fredag 2. november 2012

Hosanger kyrkje kl 19: "Bare meg".

60-åringen Jonas Fjeld på jubileumsturne hausten 2012.

Tilskipar Hosanger sokneråd.

Onsdag 28. november 2012

Gjerstad kyrkje kl 19: Ludvig Mathias Lindeman. Konsert på 200-årsdagen.

Tilskipar: Gjerstad sokneråd, med stønad frå Lindemans legat.

I 2012 er det 200 år sidan musikaren Ludvig Mathias Lindeman blei fødd.

Gjennom eit langt liv gjorde han ein uvurderleg innsats som komponist, utøvar, pedagog og folkemusikksamler. Som strateg og aktør sto han sentralt i bygginga av eit levande og bærekraftig musikkliv grunna på norske og europeiske musikktradisjonar.

Karoline Kruger og Taus

Bruvik kyrkje onsdag 5. desember.

Arr: Rainbow foundation

Kyrkjeskyss til Gjerstad:

Kjellaug Hartveit, tlf. 56 39 01 46, mobil 970 25 127

Roger Breivik, mobil 913 82 424

Kyrkjeskyss til Haus:

Maria og Johannes Hundhammer, tlf. 56 39 00 33

Sigrid Mjelde, tlf. 56 39 01 04

Anne Karin og Einar Rivenes, tlf. 56 39 04 52

Madli og Olav Hannisdal, tlf. 56 39 43 21

Ver ikkje redd for å ta kontakt. Me ynskjer at folk kjem til kyrkje!

Om ikkje dei oppsette personane køyrer sjølv, får dei andre til å gjera det.

Slekters gang

Døypte: Haus

17.06.12 Vilde Hopsdal
 17.06.12 Albert Olai Solheim Rolland
 08.07.12 Evan Sleire Reed
 11.08.12 Emma Linea Heimvik Kalsås
 02.09.12 Frida Tennebekk Bjørge

Gjerstad

12.08.12 Kristina Rolland Seglem
 12.08.12 Elida Revheim

Hamre

24.06.12 Klara Skogseth Hagen
 24.06.12 Synne Hallan
 24.06.12 Jacob Andersen-Mjelstad
 24.06.12 Sean Tysse
 12.08.12 Sara Vik Rønnestad
 12.08.12 Elida Skår Raknes
 12.08.12 Kasper Borgstein Sandal
 12.08.12 Leon Alexter Ivarsson
 02.09.12 Emilie sandal Vevle
 02.09.12 Rudi Rogde Angelskår Mjelde
 02.09.12 Sander Tinius Tepstad Børtevit
 02.09.12 Ada Othilie Aarsbog Angelskår

Hosanger

08.07.12 Andrea Palaspas Sætre
 05.08.12 Sofia Rødland-Tysse

Bruvik

02.09.12 Emilia Alexandra Hartveit

Vigde:

Haus

11.08.12 Lena Catarina Hauge Heimvik og
 Sondre Solberg Kalsås
 01.09.12 Marielle Riple og Daniel Halleland Eidsnes

Hamre

30.06.12 Hilde Krakhella og Henning René Hekland
 07.07.12 Merete Rongved Titlestad og Joakim Knutslien
 21.07.12 Reidun Tvedt og Oddvar Rune Teigland
 18.08.12 Karin Lisa-My Wikman og Halvard Aasgard

Gjerstad

23.06.12 Borghild Anette Tryti Lone og Anders Bernes

Hosanger

07.07.12 Johanne Elisabeth Svenheim og Kristinn Jonatansson
 28.07.12 Benedicte Nesse og Magnus Mjøs
 18.08.12 Brigitte Nesheim og Henning Aadland

Gravlagde:

Haus

--- Henrik Haugsøen (bisett fra Møllendal (f.1919))
 31.07.12 Gunhild Rolland (f.1927)

Hamre

22.06.12 Solveig Daltveit (f.1919)
 10.07.12 Einar Heleif Misje (f.1940)
 24.07.12 Rolf Ingvard Birkeland (f.1941)
 14.08.12 Inger Marta Elvik (Bisett) (f.1919)
 21.08.12 Andreas Reigstad (f.1914)
 31.08.12 Gunnvor Flæsland (f.1920)
 07.09.12 Kåre Kåstad (f.1933)

Hosanger

29.06.12 Odd Martin Birkeland (f.1929)
 03.08.12 Otto Johan Monstad (f.1922)
 07.08.12 Willy Tyssebotnen (Bisett) (f.1951)
 22.08.12 Bertin Kåre Tysse (f.1939)
 04.09.12 Anna Kjennbakken (f.1918)

Gjerstad

06.07.12 Marta R. Vevle (f.1933)
 18.07.12 Tommy Sveinung Kallekleiv (f.1972)
 27.07.12 Nils Gudmundsen (f.1930)
 24.08.12 Jarle Sveinung Rønnestad (f.1956)

ANNONSAR

REMA 1000

5282 Lonevåg | 56 39 22 30



Helge Rød as

BLINK HUS Helge Rød | 5281 Valestrandsfossen
www.helgerod.no | Tlf: 56 19 37 00 | Mob: 45 24 54 85

DER GODTFOLK TREFFES
OSTERØYKROA
56193434



YX Osterøy Servicesenter
5281 Valestrandsfossen
56 39 41 86

Revheim Gravferdshjelp

Telefon: 56 39 21 73
Revheim
5282 Lonevåg



SparebankenVest

- satsar på Vestlandet

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no



EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

TOTALLEVERANDØR AV
ELEKTROINTALLASJONER
AUTORISERT EL- OG TELEINSTALLATØR
Thunestvedt

Bergen 55 39 19 00 | Osterøy 56 19 39 00
www.thunestvedt.no

TAKK FOR STØTTA
FRÅ SPONSORANE VÅRE!

NY BOK FRÅ ANNA MAILA LYNGØY

Den femte boka frå Lindåsforfattaren er ei tidsreise presentert i ulike litterære former. Anna Lyngøy skriv om indre og ytre landskap vi kjenner oss att i.

Tittelen "Albumblad" er treffande, for å lesa boka er på mange måtar som å bla seg gjennom eit album. Annankvart blad er eit bilet, som står til diktet eller teksten. Ein blir overraska etter kvart som ein les utover og møter tekstar som er så ulike i forma. Personleg likar eg best dikta hennar i knapp form, der ho skriv fritt og direkte. I dei skildrar ho lengting og draumar, ofte med utgangspunkt i årstidene eller naturopplevingar.

Omlag siste fjerdedelen av boka er prosaforteljingar i lokalhistorisk stil. Det handlar for det meste om slikt som gjekk føre seg under krigen.

Anna bur på Leiknes ved Osterfjorden, og frå denne ståstadpen har ho sett utover og innover, og ho har sett bakover i skrivinga si. Ho har laga ei bok på i underkant av 90 sider som er vakker å sjå på, lett å lesa og som trass i ulike litterære sjangarar er heilskapleg.

For å få ein heilskap i samlinga, har ho også med nokre dikt som har vore utgjevne tidlegare.

- Kristoffer Foldøy



Hausten kan også vera ei fin tid, og det finns dei som rangerer denne årstida høgast av alle. Så lukke til med sanking av frukt, bær, grønnsaker og dei siste skikkeleg varme solstrålane. Neste nummer kjem i postkassane dei siste dagane av november.

Stoff til bladet må vera innsendt innan **10.11.**

Redaktør: Kristoffer Foldøy, 5281 Valestrandfossen.

E-mail: kristofferfo@gmail.com



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omsaum

bunadsolv

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadogstakkastovo.no

